

Modulstrukturert opplæring

Modulstrukturert opplæring (MFY) er ein måte å organisere opplæring, fram mot fag- og sveinebrev på, som er betre tilpassa deg som vaksen sine behov, utgangspunkt og livssituasjon. Sluttkompetansen er den same som for ordinært løp.

Hovudopplæringa vil skje meir i bedrift og mindre i skule. Du vil til dømes ha fire dagar i bedrift og ein dag på skule.

MFY bygger på den kompetansen du har med deg inn i lærefaget.

MFY deler opplæringa inn i fem modular. Fire av modulane bygger på kompetansemåla på Vg3 nivå, men inneheld også enkelte kompetansemål frå felles- og programfaga frå Vg1 og Vg2. I tillegg er det ein modul i norsk og samfunnskunnskap / norsk og samfunnskunnskap for minoritetar.

Gjennom realkompetansevurdering kan du få godkjent kompetansemål i modulane. Når ein modul er gjennomført, blir denne godkjend med eit kompetansebevis.

Modulane kan gjennomførast i den rekkefølge og i tid som passar for deg. Når alle modulane er gjennomført er du kvalifisert for fag- og sveineprøve.

Du kan lese meir om modulstrukturert opplæring på www.udir.no.